

Brannstasjonssaka går vidare til kommunestyre.

14.11.2018



Saka om nedlegging av brannstasjonen i Uskedalen skal opp som sak i Formannsskapet i dag.

**Framlegg om nedlegging av brannstasjonen i Uskedalen er sak i Formannsskapet i dag. Slik saka er skriven, kan det sjå ut som om det er ei vedtakssak. Ordførar Peder Sjo Slettebø stadfestar overfor Uskedalen.no at saka skal vidare til Kommunestyre, truleg i møte torsdag 29. november. Uskedalen er i framlegget ei av fire bygder der det er snakk om å leggja ned branntroppen.**

Branntroppen i Uskedalen gjorde greie for saka i eit større oppslag i Kvinnheringen i går. Med ei sentral plassering i kommunen bør Uskedalen behalda sin brannstasjon. Bygda er i utvikling med nye byggefelt og frisk satsing innan landbruk og anna næring. Responstida er ein viktig faktor for at ein bør halda fram med branngvern i Uskedalen.

Branntroppen i Uskedalen er godt rusta fagleg med røykdykkarar og kompetanse til å kunna utføra livreddande akutthjelp med hjartestartar. Branntroppen i Uskedalen har også Herøysundet som sitt ansvarsområde.

Leiar i Uskedal Utvikling, Gunn Mari Moberg, fortel til Uskedalen.no at ho har vore i kontakt med dei partia som har representantar i Formannsskapet. Det er ulike syn i saka og det er uvisst kva innstillinga vert til kommunestyremøte.

Fram mot endeleg vedtak 29. november er det viktig å få fram god informasjon og ei fagleg grunngjeving for at ein må halda fram med brannstasjon i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal